



Arkivnr: 2014/13913-3

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.09.2014

### Vedtektsendring for Stiftinga Hordamuseet - fråsegn fra Hordaland fylkeskommune

#### Samandrag

Saka gjeld forslag frå Bymuseet i Bergen om endring av vedtekten for Stiftinga Hordamuseet knytt til endring av ordlyden i § 7 *Samlingane*. Endringa legg vekt på prioriteringar i innsamlinga og opnar opp for avhending/destruksjon av gjenstandar. Dette skal sikre ei etisk forsvarleg, rasjonell og berekraftig utvikling av samlingane.

Museet ber om eit fråsegn frå Hordaland fylkeskommune i forkant av styrehandsaming i stiftinga. I vedtekten for stiftinga Hordamuseet § 8 *Endring av vedtekten* står det: «Endringar i vedtekten skal gjerast av styret med 2/3 fleirtal. Før vedtektsendring blir gjort, skal dei leggjast fram for Hordaland fylkeskommune til fråsegn. Endringane må godkjennast av den myndighet som stiftingslova fastset til ei kvar tid.»

#### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar grunngjevinga for endring i vedtekten for Stiftinga Hordamuseet til følgjande ordlyd i § 7 *Samlingane*:

«Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar skal forvaltast og utviklast etter best mogleg fagleg skjønn og i henhold til gjeldande planverk i Bymuseet i Bergen, samt nasjonale standardar og ICOM sine etiske retningslinjer. Innsamling og avhending/destruksjon av enkeltgjenstandar skal skje etter nøyte vurdering og etter vedtak frå direktøren for Bymuseet eller den direktøren vel å delegerere dette til. Ved eventuelt ønske om innsamling eller avhending/destruksjon av bygningar og delsamlingar skal fagleg vurdering og innstilling til vedtak frå direktør i Bymuseet leggjast fram for eigarstyret i Stiftinga.»

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ronny Skaar  
fung. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.  
Fylkesrådmannen, 10.09.2014*

Bymuseet i Bergen foreslår endring av vedtekter for Stiftinga Hordamuseet. Endringa gjeld ordlyden i § 7 *Samlingane*. Ordlyden i gjeldande § 7 er:

«Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar kan ikkje seljast eller verta gjevne bort. Styret avgjer spørsmål om deponering av gjenstandar.»

Nytt forslag til ordlyd i § 7 er:

«Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar skal forvaltast og utviklast etter best mogleg fagleg skjønn og i henhold til gjeldande planverk i Bymuseet i Bergen, samt nasjonale standardar og ICOM sine etiske retningsliner. Innsamling og avhending/destruksjon av enkeltgjenstandar skal skje etter nøyre vurdering og etter vedtak frå direktøren for Bymuseet eller den direktøren vel å delegera dette til. Ved eventuelt ønske om innsamling eller avhending/destruksjon av bygningar og delsamlingar skal fagleg vurdering og innstilling til vedtak frå direktør i Bymuseet leggjast fram for eigarstyret i Stiftinga.»

Bymuseet har dei siste åra gitt forvalting og utvikling av samlingane høg prioritet. Museet ønskjer å utvikle samlingar som støttar opp under vedtekter og planverk, og som er representative for ansvarsområde. Berekraftig forvalting er eit klart mål, det vil seie at det er større grad av samsvar mellom omfanget av samlingane og dei ressursane som styret i stiftinga Bymuseet og eigarstyra ser seg råd til å setje av til dette feltet. Pågående arbeid med samlingane viser at det er behov for å vere meir konkrete i kva ein skal ta inn i samlingane i framtida og korleis ein skal prioritere samlingane ein har ansvar for i dag.

Endring av ordlyden i § 7 vil gi moglegheit til å arbeide med samlingane på ein betre og meir systematisk måte. Endringa vil opne opp for avhending av gjenstandar. Avhending er per definisjon overføring av eigarskap til ein annan part, t.d. tilbakeføring til givar/ arvingar, overføring frå eit museum til eit anna museum/ lag/organisasjon, eller sal til utanforståande. Ein sjeldan gong kan det vere aktuelt med sal. Det vil i slike tilfelle vere eit krav om at eventuelt overskot skal brukast i høve ICOM sitt museumsetiske regelverk: «*Det skal utelukkende anvendes til fordel for samlingen og vanligvis til nyanskaffelser*». Gjenstandar kan vere ukomplette, i därleg stand, eit museum kan ha mange gjenstandar av same type eller det kan vere gjenstandar som ikkje høyrer naturleg inn i museet si samling. Sjølv om ein gjenstand er i därleg stand eller ikkje komplett, vil den krevje like store ressursar å forvalte som ein gjenstand i god stand.

Bymuseet i Bergen er med i eit nasjonalt prosjekt om samlingsforvalting og har som del av prosjektet fått ei juridisk vurdering av problemstillinga om musea sin rett til å avhende. Konklusjonen er at så lenge museet veit at det eig ein gjenstand, har ein full råderett over den, uavhengig av om kva ein eventuell givar i si tid kan ha meint. Lovverket hindrar ikkje musea i å omprioritere, avhende eller destruere gjenstandar når dette er gjort ut frå beste faglege skjønn og når museet sitt eige lovverk, altså vedtekten, ikkje er til hinder for dette faglege grepet.

Ein naturleg konsekvens av endringane i museumssektoren dei siste tiåra er at ein ser fleire samlingar i samanheng. I Hordaland arbeider musea med ein felles samlingsforvaltingsplan. Planen vil opne opp for ei tematisk ansvarsfordeling av musea sine innsamlingar, mellom anna for å sikre at Hordaland si historie er godt representert. På den måten vert samlingsforvaltinga meir effektiv og ein får betre oversikt. Endringa i vedtekten til Stiftinga Hordamuseet kan såleis også sjåast i samanheng med arbeidet med felles samlingsforvaltingsplan og krav om ei meir dynamisk samlingsforvalting.